



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato  
27.02.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/1998 350  
Dykkar referanse  
«REF»

Alle kommunar i Hordaland

### Prosjekt "Forsterket ekom" - styrking av infrastruktur i mobilnett med reservestrøm og -samband til lokalt særleg viktige områder i tre døgn

Samferdselsdepartementet har i deira oppdragsbrev til Post og teletilsynet (PT) vedteke at midlar løyvd over Statsbudsjettets kapitel 1380, post 70, i 2014 mellom anna skal nyttast til å forsterke enkelte utsette basestasjonar for mobiltelefoni med reservestrømforsyning og transmisjon.

I dette høvet har PT, i nært samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), etablert prosjektet «Forsterket ekom». Målsettinga er at det i kvar av landets kommunar, i prioritert rekkefølge, skal etablerast eit sted i nærområdet for at lokal kriseleiing samt befolkninga skal kunne bruke eiga mobiltelefon for å gje og ta imot beskjedar ved eit strømutfall i minst tre døgn. Sjå vedlagt brev frå PT av 6. februar 2014 for ytterlegare detaljar.

Vi ber difor kvar enkelt kommune i Hordaland om å peke ut eit område innanfor eiga kommunegrense som kan være aktuelt for forsterka ekom. Unntaksvis kan den enkelte kommune melde inn fleire områder i kommunen for forsterka e-kom. I disse høva ber vi om at kommunen har prioritert den innbyrdes viktigheita av desse områda i svarbrevet.

Området i kommunen skal veljas ut med bakgrunn i lokaliseringa av:

- Kommunens kriseleiing
- Kommunens pårørandesenter
- Kommunens mediesenter
- Kommunesenter
- Sentrale knutepunkt for vei, ferje, drosje, overnatting, daglegvare
- Eventuelt som spesifisert i kommunens beredskapsplan ved bortfall av ekom

Utpekte områder frå kommunane vil verte gruppert og prioritert frå Fylkesmannen i Hordaland. Områda skal prioriteras etter:

- Sårbar strøminfrastruktur
- Vêrutsatt plassering
- Vêrutsatt ekominfrastruktur
- Annet

Vi ber om at den enkelte kommune melder inn utpekt område med både stad/områdenamn og kartreferanse. Endeleg område vil bli avgrensa til dekningsområdet frå allereie beståande basestasjonar. Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen i Hordaland er 14. mars 2014.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Brev frå Post- og teletilsynet til Fylkesmannen i Hordaland av 6. februar 2014